

┌
Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO
└

┌
└

REF.

VÅR REF.

DATO

2009/00404 KU/KU2 CH:amb

200900114-2 MH

30. juni 2009

Høyringsfråsegn om framlegg til endring i forskrift 2007-06-01 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn

Språkrådet har fått høyringsbrev datert 30.3.2009 frå Kultur- og kyrkjedepartementet om framlegg til endring i forskrift 2007-06-01 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn.

Det første framlegget til endring er at det i framtida skal oppnemnast to faste medlemmer på fritt grunnlag, mot ein medlem no. Språkrådet har ingen merknader til dette framlegget.

Det andre endringsframlegget gjeldet kravet til kompetanse for leiaren av klagenemnda. Det står i framlegget:

Nemnda skal ha ein fast leiar med juridisk kompetanse og to andre faste medlemmer oppnemnd[e] på fritt grunnlag.

Gjeldande forskrift har ”dommarkompetanse” i staden for ”juridisk kompetanse”. Språkrådet ser dette endringsframlegget som ei uheldig svekking av kompetansekravet til leiaren for nemnda. Leiaren bør som før ha høg juridisk kompetanse. Det er eit komplisert lovverk som skal forvaltast, og dei sakene som kjem til klagenemnda, kan vere kontroversielle med sterke interesser knytte til seg. Nemnda må kunne ta avgjerder som kan stå si prøve i rettssaker. Det plar òg vere høg språkkunnig kompetanse i nemnda.



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Departementet vil gjerne ha innspel om organisasjonar som kan komme med framlegg om medlemmer som skal oppnemnast på fritt grunnlag. Språkrådet meiner at det ikkje bør vere organisasjonar som kan vere part i ei sak. Vårt framlegg er Landslaget for lokalhistorie.

Med helsing

Sylfest Lomheim
direktør

Marit Hovdenak
seniorrådgjevar